



MØTEINNKALLING

| | |
|------------------|---------------------------|
| Organ: | SOGN REGIONRÅD |
| Møtestad: | Årdal rådhus |
| Møtedato: | 18.06.2021 |
| | Tid: 09:30 - 13:30 |

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 65 25 60 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930-1030 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 21. april 2021
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1030-1115 Regional transportplan v/ Jan Øhlckers, Vidsyn - orientering og drøfting
- 1115-1145 Prosjektet statlege arbeidsplassar i Årdal v/ Jan Øhlckers, Vidsyn
- 1145-1215 Næringsnettverket i Sogn sitt arbeid v/ Terje Laberg, leiar av nettverket
- 1215-1300 Servering
- 1300-1330 Orientering frå Helse Førde v/ Arve Varden administrerande direktør og Vidar Øvrebø, stadleg leiar
- 1330 Møtet slutt.

SAKLISTE

| Saksnr. | Arkivsaksnr. / Tittel |
|---------|--|
| 11/21 | 21/2947-2 Programplan for System for styrka læring |
| 12/21 | 21/1091-4 Orienteringssaker Sogn regionråd |

Sogndal, 11. juni 2021

Hilmar Høl
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Inger Marie Evjestad
Arkivsak: 21/2947

Arkiv: 131

Saksnr.: Utval
11/21 Sogn regionråd

Møtedato
18.06.2021

Sak 11/21

Programplan for System for styrka læring**Tilråding:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal vidarefører det regionale barnehage- og skuleutviklingsprogrammet "System for styrka læring" for 2022-2030.

Vedlegg:

Framlegg til overordna programplan for System for styrka læring, versjon 10.06.2021

Saksutgreiing:

Kommunane i Sogn har samarbeidd om barnehage - og skuleutvikling gjennom programmet «System for styrka læring» frå 2013 – 2021. Programmet var ei vidareføring av prosjektet «Sats på skulen – snu Sogn». System for styrka læring skal vere eitt av verktøya kommunane i Sogn skal ta i bruk for å nå nasjonale, regionale og lokale mål. Vi skal halde fram med å bruke regionale fagnettverk som verktøy og kompetansestrategi og utvikle dei i samsvar med intensjonane i Fagfornynginga i skulen og Rammeplanen for barnehagen. I dette inngår og leiarutvikling og oppbygging av kompetanse til å drive utviklingsprosessar i barnehage- og skulesektoren.

Måloppnåing og gode resultat fordrar ein godt avklara og omforeint plan for kva som skal gjerast og det trengst gode avklaringar på korleis det regionale arbeidet og det lokale kan gjensidig tilpassast til fordel for målsetjinga.

Regionalt utviklingsarbeid er ei krevjande og samansett utfordring. Vi styrkar dette arbeidet gjennom samarbeid og samhandling. På den måten dreg vi også nytte av utviklingsarbeid og legg til rette for deling av beste praksis i kommunane.

I evalueringsrapporten frå Trond Buland ved NTNU, «Å bygge bedre bruer mellom øyene vi sitter på...» er konklusjonen at barnehagar og skular er på veg til å realisera ambisjonen om å bli lærande organisasjonar og dermed bidra til auka kvalitet på arbeidet innanfor heile oppvekstsektoren. Suksessfaktorar som vert trekte fram er blant anna felles ramme rundt skuleutviklinga, delingskulturen, nettverka er læringsarena, samarbeidet med UH-sektoren og at små kommunar får mest igjen. Utfordringar som evalueringa frå NTNU peikar på er å trekke vidaregåande skule sterkare inn, få tettare samarbeid på tvers av sektorar og profesjonar, programmet er for omfattande, unngå intern konkurranse og skuleeigarskapet bør sterkare inn.

Vi har eit ambisiøst mål for barnehage- og skuleutviklinga i regionen: Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle. Planen er lagt opp for langsiktig arbeid og vil gjelde for 2022-2030. Programplanen har fire prioriterte programområde:

- Fysisk og psykisk helse
- Tidleg innsats og språkutvikling
- Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap
- Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring

Satsingsområda i planen er reduserte frå 6 til 4 programområde, slik evalueringar og tilbakemelding frå barnehagane og skulane har påpeikt kunne vere fordel. Dei gjev og rom for arbeid med både nasjonale føringar som Barnevernsreforma, gjeldande frå 1. januar 2022 og BarnUnge21-strategien og dei legg til rette for at kommunane sine lokale prosjekt og eigne desentraliserte kompetanseutvikling kan vidareførast til alle kommunane gjennom fagnettverksarbeid. Innanfor område som entreprenørskap og psykisk helse har vi allereie etablerte arbeidslag, der eksterne aktørar bidreg til utviklinga i regionen.

Samarbeidet på tvers av kommunane i Sogn styrkar arbeidet omkring barnehage- og skuleutvikling i kommunane og legg til rette for arbeidet med felles satsingar som vi er pålagde å arbeide med. Regionrådet og System for styrka læring er utviklingsagentar og støttefunksjonar for dette arbeidet.

Samstundes må skule- og barnehageeigar framleis drive eit aktivt forankringsarbeid i eigen organisasjon. Det vil mellom anna seie å drøfte tiltak og satsingar lokalt, forankre det regionale arbeidet i eigne planar og utviklingsmål.

Programplanen kan ikkje vere så presis at den formulerer alle tiltak og aktivitetar, men han må peike på ambisjonar og måtar å arbeide på. Styrarnettverket, rektornettverket og nettverket for kommunalsjefane (kompetanseregion Sogn) blir framleis sentrale samarbeidspartar. Planarbeidet må tilpassast lokale behov og det må utarbeidast plan for organisering av fagnettverka.

Vi må vidareutvikle og styrke samarbeidet med alle partane i barnehage- og skuleutviklingsarbeid og samhandle godt omkring dei ulike tema vi vil arbeide med.

Programstyret sette ned ei arbeidsgruppe 11. mai 2020, og planutkastet frå denne gruppa har vore handsama i programstyret i tre møte, 9. november 2020, 8. mars 2021 og 5. mai 2021. Framlegg til overordna plan vart sendt ut på høyring til kommunane v/ styrarane, rektorane og kommunalsjefane for oppvekstfeltet etter digital informasjon om planen den 10. mai, med frist for attendemelding 1. juni 2021. Arbeidsgruppa frå programstyret hadde møte 10. juni 2021 og arbeidde inn innspela som kom inn. Med tilslutting frå rådet går framlegg til programplan til kommunane for politisk handsaming til hausten.

Programstyret i System for styrka læring har sitt neste møte i november 2021. Der vil vi arbeide vidare med dei konkrete tiltaka på dei fire programområda og med fagnettverka for barnehage og skule.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **21/1091**

Arkiv: **062**

Saksnr.: **Utval**
12/21 **Sogn regionråd**

Møtedato
18.06.2021

Sak 12/21

Orienteringssaker Sogn regionråd**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
6. Regional transportplan v/ Jan Øhlckers, Vidsyn - orientering og drøfting
7. Prosjektet statlege arbeidsplassar i Årdal v/ Jan Øhlckers, Vidsyn
8. Næringsnettverket i Sogn sitt arbeid v/ Terje Laberg, leiar av nettverket
9. Orientering frå Helse Førde v/ Arve Varden administrerande direktør og Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus

Skriv og meldingar

1. Styringsgruppa Sogn for alle, møtereferat 19. april 2021
2. Næringsnettverket i Sogn, møtereferat 29. april 2021
3. Programstyret System for styrka læring, møtereferat 5. mai 2021
4. Innspel til dimensjonering av kompetansebehov – innspel frå Hardanger-Voss og Sogn, 7. mai 2021



Møtereferat - styringsgruppa for *Sogn for alle*

Møte nr. : 2/2021
Møtedato: måndag 19. april 2021
Tid: Kl. 09:00 – 11:00
Stad: på Teams

Deltakarar:

Ordfører: Hilmar Høl, Årdal kommune (frå kl 10)
Rådmann: Øistein Søvik, Vik kommune
Flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, Aurland/Lærdal flyktingteneste i NAV
Næringsapparat: Torgeir Skålid, Sogn Næring
Vidaregåande skule: Torill Thorbjørnsen, Høyanger vgs
Frivillig organisasjon: Bjørg Eikum Tang, Sogndal Røde Kors
Næringsliv: Nils Asbjørn Lie, Flåm AS
Sogn regionråd: Karina Nerland, dagleg leiar og Heidi Myrvold, prosjektleiar
Forfall: Vestland fylkeskommune: Jan Heggheim , avdeling for innovasjon og næringsutvikling
og NAV: Sara Johnsborg, NAV region Sogn

Sak 6/21 Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå sist møte. Nytt medlem Nils Asbjørn Lie, Norway's best (tidlegare mellom anne Flåm AS) presenterte seg.

Sak 7/21 Overordna status i arbeidet med prosjektet og finansiering

- Prosjektet treff godt på behovet for å styrke samfunnsutviklinga
- Rett av kommunane å satse på innvandrarane
- Ekstern finansiering til fleire delprosjekt
- Bygger utviklingskapasitet og samarbeidskapasitet

Presentasjonen er lagt ved. Innspel frå styringsgruppa:

- Finne suksesshistorier som spreiar seg
- Bli betre på lokal rekruttering, finne dei rette folka lokalt
- NAV sitt arbeidsmarknadsteam arbeider med rekruttering
- Bedriftene rekrutterer sjølv, kommunane har viktig rolle med å leggje til rette for bustad, tenestetilbod mv.

Sak 8/21 Arbeidet i delprosjekta og arbeidsgruppene

Arbeid:

- Etableraropplæring: Det er satsa på ei etableraropplæring som legg vekt på å nytte lokale næringsaktørar og byggje lokalt nettverk. Eit godt tilbod har kome inn, avtale skal forhandlast.



SOGN REGIONRÅD

Bustad:

- Tilflyttarteneste var tema i sist rådmannsgruppemøte. Sjå på moglegheitene for å etablera ei regional teneste. Tema skal opp igjen i neste møte i rådmannsgruppa.
- Det vert sett nærare på Husbanken sine virkemiddel.

Språk og utdanning:

- SognaLoop: eit nærings samarbeid for kvalifisering av innvandarkvinner. Omfattande prosjekt støtta av IMDI. Her trenger prosjektet at kommunale einingar vert mobilisert.

Familie og fritid:

- Foreldrerettleiing; skal sette foreldrerettleiing av minoritetspråklege foreldre på dagsorden og gje fagleg støtte til dei som driver med dette i kommunane.

- Sak 9/21 Mentorprogrammet – erfaringar og vegen vidare
- Kom tidleg i gang ved prosjektstartog ønskjer å utvikla innhaldet med fleire bedrifter og deltakarar frå hausten. Sjå vedlagt presentasjon.
- Sak 10/21 Ymse
- Sogn for alle blir tema i fellesmøte i Hardanger og Sogn
- Sak 11/21 Neste møte
Onsdag 2. juni kl 9-10

Næringsnettverket i Sogn

Møtereferat

Møtenummer: 3/21

Møtedato og -stad: 29.4.2021, Teams

Deltakarar: Terje Laberg (Årdal), Olav Grov (Luster), Torgeir Skålid og Joakim Systaddal (Sogndal), Ingrid Heggø (Høyanger), Trine Grøtnebø (Årdal og Lærdal) og Karina Nerland (Sogn regionråd). Forfall: Ingeborg Lysne (Aurland) og Birgitta Hagen Kyrkjebø (Høyanger).

1. Gjennomgang av handlingsplanen for Sogn 2021

Innleiing om satsingsområda under tema næringsutvikling og nettverket sine innsatsområde. Presentasjonen ligg ved. Kommenterar og synspunkt i møtet:

- Korleis nettverket bør jobbe for å sikre rett fagkompetanse til bedriftene er viktig å drøfta
- Avklare kva prosjekt som skal vera regionale og kva prosjekt som går utanom regionrådet
- Regionalplanen peikar på område som kommunane ønskjer eit samarbeid om regionalt
- Nettverket bør få tid til å organisera prosjekt regionalt og unngå etablering av doble løp, jf offentlege arbeidsplassar
- Rammevilkår for næringslivet bør vera tema i næringsnettverket t.d. nettleiga som gir openbere ulemper for nokre bedriftene
- Sogndal sitt innspel til masterplan er å utvida rolla til Visit Sognefjord slik at det blir eit sterkare verktøy for reisemålsutvikling, jf endringar for andre destinasjonsselskap
- Kommunar med store industrimiljø blir invitert til eit samarbeidsnettverk
- Sogndal har nettverk og møte med andre regionsenter
- Grøn næringsutvikling går igjen i alle innsatsområda
- Nettverket får meir info om det fylkesdekkande prosjektet Grøn region Vestland der Hardanger og Sogn er ein av regionane

2. Kva prosjekt/tiltak i handlingsplanen ønskjer næringsnettverket å ta tak i?

- Innhaldet i prosjekta/tiltaka er viktig å jobba med og nettverket ser fram til å ta tak i dette
- Korleis prosjekt blir finansiert og organisert bør drøftast nærare

3. Er det prosjekt som kommunane kan tenkje seg å jobba med?

- Kommunane vurderer kva prosjekt dei har særleg interesse av til neste møte.

4. Gjennomgang av eksempel på prosjektmandat

- Prosjektmandat for teknologi og digitalisering var sendt ut til møtet
- Forprosjektet er eksternt finansiert
- Gode tilbakemeldingar til prosjektplanen
- Eksempel som kan liggje til grunn for andre prosjektplanar

5. Innspel og drøftingsrunde – korleis arbeide i nettverket? Organisering, finansiering, forankring.

- Ønske i nettverket om avklaring knytta til innkjøpsregelverket før ein set i gang å fordele prosjekt
- Kostnadsfordeling bør drøftast og avklarast
- Kapasitet til å drive regionale prosjekt kan vera ei utfordring og det talar for å få til fellesressurs
- Ønske om å få køyrereglar for forankring av prosjektet, rolleavklaring og organisering
- Bør søkje ekstern finansiering til prosjekt

6. Oppsummering:

- Regionrådet vurderer ein plattform for samarbeid som også inneber å avklare regelverket (innkjøp, mva).
- Neste møte i nettverket i byrjinga av juni før rådsmøte 18. juni, der leiar i nettverket deltek.

Programstyret for System for styrka læring

Møtereferat

Møtenummer: 2/2021

Møtedato: Onsdag 5. mai 2021

Tid: Kl. 12:00 -12:45

Stad: Nettmøte

Deltakarar: Ordførar: Roy Egil Stadheim, Rådmann: Jarle Skartun, HVL: Vegard Fusche Moe
Ass. styrar: Linda Midtun, Rektor: Ingrid Steine Bortne, PPT: Vibeke Fusche Moe, Utdanningsforbundet:
Heidi Rennestraum, Ungt Entreprenørskap Vestland: Holger Aasen, Stadped Vest: Magne-Bjarte Hatlem,
Sogn regionråd: dagleg leiar Karina Nerland og programleiar Inger Marie Evjestad.
Forfall: Kommunalsjef oppvekst: Ole Gunnar Krakhellen og KS: Sølvi Olrich Sørebo.

Sak 6/21 – Opning

- Innkalling og sakliste vart godkjende.
- Referat frå møtet 8. mars 2021 vart godkjent

Sak 7/21 – Orienteringssaker

Kort presentasjon av arbeidet med System for styrka læring.

Gjennomførte samlingar 2021.

- Psykisk helse med 60 deltakarar
- Styrarnettverk og skuleleiarssamling med ca. 35 deltakarar på kvar av dei
- Samling for rektorar og leiarar i skule med oppfølging av tema Fagfornyninga
- Entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn

Gjennomførte fagnettverk 2021

- Norsk, engelsk og matematikk for ungdomstrinnet
- Evaluering av fagnettverka i barnehage

Samlingane og fagnettverka er gjennomførte digitalt.

Samlingar under planlegging

- IKT – nettverk 12. mai
- Styrarnettverk 27. mai
- Digital fagøkt med tema elevmedverknad og vurdering 11. august for alle tilsette på skulane
- Leiarssamling oppvekst i oktober
- Fagdag for barnehage, skule og SFO på elevfri dag i november
- Fagnettverk som er utsette våren 2021 der ein må møtast fysisk

Sak 8/21- Programplan for 2022 – 2030

- Kunne kanskje markera sterkare ny barnevernsreform frå 2022 og utanforskap med BarnUnge21 – strategien. Dette blir teke med som innspel i høyringa.

- Innspel om kultur som omgrep i tittelen av programmet
- Finansiering - dekom og rekom vil gå parallelt med det regionale utviklingsarbeidet
-

Sak 9/21 – Entreprenørskap

- Entreprenørskapsmessa 2021 – messa vart godt gjennomført. Juryen gjorde ein god jobb og samspelet med elevane gav god læring. Skular har sendt fine skriftlege tilbakemeldingar etter messa. Ungt Entreprenørskap gjorde ein framifrå god jobb i planlegging og gjennomføring av messa som for fyrste gong er avvikla digitalt.
- Arbeidsgruppa har i evalueringsmøte peika på følgjande erfaring å ta med vidare: Videoproduksjon med intervju i etterkant, kåring basert på video og stand på messa, sende videoane til lærarane for bruk i skule.

- Dato for messa 2022: tysdag 26. april 2022.

Sak 10/21 – Arbeidsgruppe for vidare arbeid med fagnettverk

- Etablere to grupper som skal arbeide med organisering og innhald av fagnettverka; ei for barnehage og ei for skule.

Sak 11/21- Ymse

Møteplan 2021: Neste møte 10.11.2021.

Kompetansebehov i arbeidslivet – innspel frå Hardanger-Voss og Sogn

MRK For utdanningstilbod som ikkje er omtala særskilt mht ønske om opp- eller nedskalering er vårt ønske at tilboda vert vidareført på dagens nivå.

Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2022/2023:

1. Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2022-2023:

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Grunnlag for vurdering |
|--|--|--|
| Elektro og datateknologi vg1 og elenergi og ekom vg2 | Fleire bedrifter i regionen trekker fram at det er stor mangel på elektrikarar. I Sogn er elevplassar godt dimensjonert i høve tal læreplassar. Kraftbransjen ønskjer seg fleire jenter. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien, kraft-/energibransjen, elektroverksemdar |
| Energimontør vg 3 Energioperatørfaget vg3 | Ønske om å tilby undervisning ved Sogndal vgs som dekker teorien til vg3-eksamen for energimontørfaget og energioperatørfaget slik at lærlingar kan gjennomføre lærlingetida i regionen. Hardanger har eit tilbod som dekker behovet. Fleire bedrifter melder inn behov for lærling i energioperatørfaget. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien, kraft-/energibransjen, elektroverksemdar |
| Automatisering vg2 Automasjon vg3 | Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov, og vi ser det som kritisk viktig å oppretthalde dette tilbodet. I Hardanger og særskilt i Odda er det planlagt stor vekst. Bedriftene i Sogn har særskild nytte av automasjonsfaget, som er direkte knytta til læreplassane i desse bedriftene. Tilbodet må ikkje byggjast ned. Næringslivet er gjennom intern opplæring med å tetta gap mellom kompetansebehov og utdanningstilbodet frå undervisningsinstitusjonane. Det er behov for klassar som tek føre seg automatisering (PLS), robotisering, og digitalisering – også kalla Industri 4.0 | Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. havbruk prosessindustrien systemindustrien |
| Teknologi og industri vg1 | Indre Sogn har behov for 4 vg1 klassar, dvs ein vg1-klasse til ved Sogndal vgs, for å kunne rekruttera til vg2-tilboda, spesielt til industriteknologi som har stort behov for lærlingar. | Behovsinnmelding frå næringslivet; prosessindustrien, systemindustrien |

| | | |
|--|--|---|
| Industrieteknologi vg2 | <p>Hardanger-Voss og Sogn sysselset ca 4400 i industrien. Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov og det er avgjerande at vi opprettheld dette tilbodet. Mange tilsette vil gå ut i pensjon. Blant utdanningane som bedriftene har særskild nytta av er TiP/Industrieteknologi og Automasjonsfaget, som er direkte knytta til læreplassar hos bedriftene. Fleire bedrifter etterspør kompetanse innan fagoperatør i produksjonsteknikk</p> <p>Det er kontinuerleg behov for tilgang på industrimekanikarar. I dag er det for få lærlingekandidatar og det er vanskeleg å rekruttera lærlingar for kvart år. Rekruttering pågår kontinuerleg og lokal tilgang på ressursane er avgjerande for bedrifta.</p> <p>Rekruttering av platearbeidarar pågår kontinuerleg og lokal tilgang på ressursane er avgjerande for bedrifta. Behov for fleire lærlingar enn det som blir formidla.</p> <p>Sogndal og Årdal skal samarbeide om programområde Teknologi- og industrifag for å dekke lokale behov.</p> <p>Det vert arbeidd med ein "Kongsberg-light"-versjon i samarbeid med SITEP, Sogn Opplæringskontor og Årdal Teknologipark.</p> <p>Her vil elevane få fordjupe seg innan automatisering (PLS), robotisering og digitalisering – også kalla Industri 4.0.</p> | Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. prosessindustrien, systemindustrien |
| Kjemiprosess- og laboratoriefaget vg2 | <p>Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov, og vi ser det som kritisk viktig å oppretthalde tilbodet ved Odda vgs og Årdal vgs. Det er viktig å vera tydeleg på kva moglegheiter som finst på dei ulike skulane.</p> | Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. havbruk prosessindustrien systemindustrien |
| Køyretøy vg2 | <p>Bilmekanikar for tunge køyretøy og lette køyretøy er kompetanse som fleire bedrifter har behov for. Dette gjeld for heile Hardanger-Voss og Sogn.</p> | Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. Transportselskap Entreprenørbedrifter Renovasjonsselskap Kommunar |
| Transport og logistikk vg2 | <p>Behov for ny linje ved Kvam VGS. Mange av yrkessjåførane vil gå av med pensjon dei næraste åra.</p> | Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. Transportselskap Entreprenørbedrifter Renovasjonsselskap Kommunar |
| Bygg- og anleggsteknikk vg1 /teknologi- og | <p>Det er auka behov for fagarbeidar i byggfag, særleg inneber koronasituasjonen og redusert tilgang</p> | Behovsinnmelding frå næringslivet; Renovasjonsselskap |

| | | |
|---|---|--|
| industrifag vg1 og anleggsteknikk vg2 | til utanlandsk arbeidskraft at bransjen treng fleire nyutdanna. Vurderinga er at tilbodet til anleggsteknikk vg2 og tømrrar vg2 bør oppretthaldast slik det er i dag. Behov for anleggsmaskinfører. | Entreprenørbedrifter Kommunar |
| Sal, service og reiseliv vg1 Sal og reiseliv vg2 | Sogndal og Voss vgs har desse tilboda som er rett dimensjonert slik det er i dag og som bør vidareførast. Reiseliv er stor næring som etterspør arbeidskraft med denne kompetansen. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering Handel |
| Restaurant- og matfag vg1 Kokk- og servitørfag vg2 | Reiseliv og serveringsbransjen har behov for lærlingar. I regionen vart det før korona sett i gang mange konkrete tiltak for å rekruttera til faget. Det siste året har mange tiltak blitt sett på vent, og vil no bli teke opp att som før-koronatida. Aktuelle løysingar kan vera kvalifisering etter Gloppen-modellen eller kombinasjonsklassar samansett av vaksne inkl. minoritets-språklege og dei med ungdomsrett. I Hardanger er det mange reiselivs-verksemdar som har stort behov for kompetanse og det er sterkt ønskje om å få slik utdanning til Odda. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering Handel |
| Helsefagarbeidar | Stort behov på kort og lang sikt i vår region grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Gode erfaringar med kombinasjonsklassar for vaksne innvandrarar og dei med ungdomsrett (Høyanger) og samarbeid mellom skulane. Dette er med på å sikre tilbodet over tid. Erfaringar er at det er god formidling av læreplassar. Gloppen-modellen har vore gjennomført i Sogndal. Det bør vurderast kombinerte løysingar for ungdommar og vaksne. Det kan fylla nødvendige klassar. | Statistikkgrunnlaget til fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane |
| Barne- og ungdomsarbeidar | Behov grunna pensjonsavgang. | Behovsinnmelding frå kommunane |
| Påbygging til generell studiekompetanse vg3 | Viktig å sikre tilbod om påbygg til generell studiekompetanse etter yrkesfagutdanning slik at dei som ønskjer det har moglegheit til å søkje høgskuleutdanning. For kvalifisering til studie bør det kunne leggjast til rette for auka bruk av nettundervisning. | Behovsinnmelding frå privat og offentleg sektor |
| Studiespesialiserande | Tilboda bør vidareførast slik at ein sikrar full fagbreidde til programfaga på vg2 og vg3. | Behovsinnmelding frå privat og offentleg sektor |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon Vg1 Informasjonsteknologi Vg2 | Aukande etterspørsel etter denne kompetansen i Hardanger-Voss. Tilgang på læreplassar er stabilt eller litt aukande. Viser også til at betydninga av digitalisering vert større gjennom koronapandemien. | Behovsinnmelding frå NAV Kunnskapsgrunnlaget |

Det er viktig å kunne tola svingingar i søkjartalet til vidaregåande skulane utan at det fører til drastiske endringar i tilbodet. Fleksible modellar med rom for halve grupper i år med låge elevtal, kombinasjonsklasser (vaksne og unge) og digital undervisning er tiltak som bidreg til at utdanningstilboda kan vidareførast. Føreseieleg utdanningstilbod er viktig for å klare å utvikla samarbeid mellom næringsliv, kommunar og vidaregåande opplæring.

Erfaringane er at det er god formidling av læreplassar i Hardanger-Voss og Sogn, noko som tilseier at dimensjoneringa har treft arbeidskraftbehova. Innan fleire utdanningar har Sogn fleire læreplassar enn elevar. Arbeids- og næringsliv må ta imot også minoritetsspråklege til praksisplassar. Ein ser at minoritetsspråklege elevar er like flinke, men strevar med å få lærekontraktar.

Justeringar av nærskuleområde bør vurderast slik at ein sikrar eit variert og breitt studietilbod ved dei vidaregåande skulane i regionen.

Vi forventar at Vestland fylkeskommune legg betre tilrette for desentraliserte tilbod til lærlingar som manglar teori. Dagens situasjon der lærlingar frå distriktet må til Bergen for teoriundervisning er ikkje eit tilfredsstillande tilbod for vår region.

2. Kompetansebehov fagskule:

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Grunnlag for vurdering (gjerne namn på bedrift) |
|--------------------------------------|--|--|
| Elkraft | Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspørselen etter arbeidskraft med vil auka dei nærmaste åra. Behov for vidareutdanning av operatørar i drift og vedlikeholdspersonell. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Kraft-/energibransjen |
| Automatisering | Som over | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien |
| Prosessteknikk | Som over | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien |
| Maskinteknikk | Som over | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien |
| Reiseliv og opplevingsbasert turisme | Reiselivet er viktig næring i regionen der det er behov for bransjekompetanse innan utvikling av kvalitetsopplevingar. Hardanger og Sogn burde ha eit fagskuletilbod innan reisleiv, gjerne lik nyoppretta skule på Geilo. Det er tette band mellom reiseliv og landbruk. Kan felles fagskule vera ei løysing? | Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering |
| Fagskuleingeniør | Behov for kompetanse innan mekanisk konstruksjon og kompetanse innan hydraulikk og elektro. Her må det til ei kvar tid vera tilgang til ingeniørar. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien Entreprenørverksemder |

3. Kompetansebehov høgskule/universitet:

Regionane er ulike og det er behov for å ta i bruk «hybride» undervisningsformer for å møte kompetansebehova i arbeids- og næringsliv.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) bør tilby desentraliserte utdanningar i større grad enn til no. Undervisningstilbodet bør gjennomførast så lokalt som mogleg. Lang reiseveg til Campus gjer at mange kandidatar ikkje startar på høgskulestudie. Omstilling, meir desentrale tilbod og meir bruk av digital undervisning må til for å få fleire til å ta høgskuleutdanning.

Mange av dei som tek fagbrev og fungerer vidare i jobben modnast slik at dei ofte vert svært gode 'emne' for vidareutdanning. Vi ser også at ein del samstundes "låser seg" til hus og familie (noko som også er svært bra), men forhindrar at dei tar vidareutdanning då dei ikkje har gode nok lokale tilbod, og ikkje kan reisa.

Vi meiner derfor at det bør etablerast eit betre desentralisert høgskuleutdanningstilbod også i Hardanger/Voss og flagga dette som eit tydeleg satsingsområde. Med å prioritera dette vil fylkeskommunen byggja opp under alle næringar, samt det offentlege behovet.

For Hardanger-Voss og Sogn vil sjukepleiar, reiseliv og digitalisering vera prioriterte fag for oppretting av desentraliserte tilbod gjennom HVL.

Vi vil presisere at vi truleg må vente oss ein auka omstillingshastigheit i framtida. Det er difor viktig med desentraliserte tilbod både av kort- og langvarig karakter som speglar dette. Det betyr igjen stor grad av fleksibilitet i tilboda og at tilboda vert tilpassa behovet.

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Grunnlag for vurdering |
|--|--|---|
| Ingeniør (energi, elektro) | Behov for energiingeniør, gjerne med energimontørbakgrunn. Elektroingeniør – elektrifisering og digitalisering og med økonomi | Behovsinnmelding frå næringslivet; Energibransjen Prosessindustrien Systemindustrien Konsulentverksemdar |
| Ingeniør (automasjon) | Fleire bedrifter melder om behov for ingeniørar innan automasjonsretningar. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien |
| Ingeniør (mekaniske fag) | Behov for ingeniørar med kompetanse innan mekanisk konstruksjon og hydraulikk | Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien |
| Ingeniørar (byggtekniske fag) | Kommunane har behov for ingeniørkompetanse innan byggtekniske fag. | Behovsinnmelding frå kommunane |
| Master/ Phd - uorganisk kjemi - organisk kjemi/biokjemi - kybernetikk - matematikk - fysikk - IT - maskin | Behov for master/phd-utdanna i Sogn innan fagområda: uorganisk kjemi og kybernetikk, matematikk/ fysikk, IT, maskin og andre tradisjonelle ingeniøryrke (ca 15 personar pr år) | Behovsinnmelding frå næringslivet |

| | | |
|--|---|---|
| | Frå 2023/2024 basert på planlagde realiseringar treng industriklynga i Sogn master/phd-utdanna innan organisk kjemi /biokjemi og kybernetikk /fysikk/ maskin (ca 20-45 personar pr år) | |
| Økonomi / administrasjon, | Behov på sikt for bachelor eller masterutdanna | Behovsinnmelding frå næringslivet; Offentleg og privat sektor |
| Sosialt arbeid, vernepleie og barnevern (bachelor og mastergrad) | Behov for bachelorutdanna. Forslag til ny barnevernslov stiller krav om barnevernsfagleg mastergrad frå 2031 for personell som utfører visse kjerneoppgåve. Dei som allereie er tilsett kan få oppfylt kompetansekravet ved å kombinera vidareutdanning og arbeidserfaring. Det er vil derfor vera behov for masterutdanning og vidareutdanning for dei som er tilsett. | Behovsinnmelding frå kommunane |
| Vidareutdanning innan fleire område | Fleire bedrifter tek opp behovet for vidareutdanning innan: leiing, økonomi, IT, marknadsføring og HR og kortare studieløp enn bachelor. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Privat og offentleg sektor |
| Sjukepleiarar | Det er stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får nye oppgåver og mange av dei som er sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Prognoser viser at sjukepleiarar er av dei yrkesgruppene det vil vera størst mangel på i åra som kjem. Viktig med deltidsutdanning der tilsette kan ta studiet der dei bur. Høgskulen bør vurdere y-vegen for sjukepleiarutdanninga slik ein har praktisert for ingeniørutdanninga med gode erfaringar | Kunnskapsgrunnlaget til fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane. |
| Grunnskulelærarar | Det er venta stor utskifting innan 5-10 år | Behovsinnmelding frå kommunane |

| | | |
|--|--|--|
| | fordi mange lærarar vil gå av med pensjon. | |
| Vidareutdanning for lærarar i grunnskulefag, fagområde for barnehagelærarar og innan spesialpedagogikk | Kompetansekrava for lærarar er forsterka for kort tid tilbake. Det er fortsatt sterkt fokus på tilpassa opplæring slik at vi treng lærarar med kompetanse innan spesialpedagogikk. Det er behov for spesialpedagogikk i barnehage. | Behovsinnmelding frå kommunane |
| Leiarutdanning inkl økonomi og administrasjon | Ønske om leiarutdanning på mellomleiarnivå | Behovsinnmelding frå fleire kommunar |
| Reiseliv | Ønske om at høgskulen også tilbyr Y-veg innan reiseliv. Då treng ein ikkje ein omvegen om påbygg. | Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering Handel |